



Tide brukar Uskedalen Bru i bussane sine

**Nokon lurar kanskje på om det verkeleg heiter
Uskedal Bru, Uskedal Helselag, Uskedal Bedehus, Uskedal kyrkje, Uskedal Ungdomslag.**



På brua står det Uskedal Bru

Eller skal det vera i bunden form: Uskedalen,
som svært mange brukar?
Uskedalen Utvikling er kanskje det einaste laget
der bunden form er det rette etter vedtektene.
Kanskje burde det laget også brukt Uskedal
Utvikling; altså utan -en?!



Offisielt heiter det Uskedal Kyrkje

Andre lurar på om det skal vera Solfjellet eller Solfjell, Tverrfjellet eller Tverrfjell, Manen eller Mannen, Børneset eller Børnes.



Namnet er Uskedal Båtlag

Vi finn ulike variantar av desse og andre namn på kart, oppslag, i brev og på andre stader. Derfor er det ikkje rart at nokon er i tvil om skrivemåtane, så lenge vi ser at fleire variantar av korleis namna vert brukt og skrivne - sjølv av styrerepresentantar. Den nyleg utkomne Uskedalsposten tar opp nokre døme på denne forvirringa av geografiske namn og lagsnamn.

Les Uskedalsposten og sei di meining i uskedalen.no om kva du meiner!